OSTERØY KOMMUNE
Politisk-adm.sekretariat

Hlf Osterøy
c/o Solveig Erene Vatle Reigstadvegen 49
5281 Valestrandsfossen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Runar Ludvigsen | 04.10.2023 |
| Vår: 23/2824 - 23/22152 | runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no | |

# Informasjon om val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Informerer med dette om at **val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert i heradsstyremøte 29.11.2023.**
Det er valnemnda i kommunen som har som oppgåve å innstille på medlemmar til råda til heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak.

Valnemnda vert valt i konstituerande heradsstyremøte 19.10.2023. Dei vil såleis starte arbeidet med valsakene i november fortløpande etter møte i oktober.

Det er i denne anledning dokker har moglegheit til å kome med innspel på kandidatar til råda. Då valnemnda ikkje er valt pr i dag kan dokker enn så lenge sende forslag til kandidatar til politisk sekretariat ved runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no.

Vi ber samstundes om at kandidatar som vert nemnt vert informert om dette og at dei har sagt seg villig til å stille til val. Dette er spesielt viktig då ein etter ein er valt ikkje utan god grunn kan søkje seg friteke frå vervet.
Vi minner også om at vilkåra for å vere valfør til råda må vere oppfylt i heile perioden, sjå vallova kapittel 3 og kommunelova kapittel 5.

*Mottakarliste av denne meldinga ligg på neste side. Vi ber om at dersom dokker ser at nokon som burde vert mottakar ikkje ligg der, vert denne meldinga anten sendt vidare til den eller dei det gjeldt eller at dokker informerer sekretariatet om det. På førehand: takk!*

Med helsing

Runar Ludvigsen
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Inge Johannes Reigstad | | 5282 | LONEVÅG |

**Mottakar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hlf Osterøy | c/o Solveig Erene Vatle<br>Reigstadvegen 49 | 5281 | Valestrandsfossen |
| Lhl Osterøy | c/o Kåre Hagebø<br>Valestrandsvegen 170 | 5281 | Valestrandsfossen |
| Nasjonalforeningen For Folkehelsen Osterøy Demensforening | c/o Linea Vedå<br>Raknesvegen 867 | 5281 | Valestrandsfossen |
| Nfu Osterøy Lokallag | c/o Roald Hovden | 5281 | Valestrandsfossen |
| Osterøy Revmatikarlag | c/o Håvard J. Reigstad<br>Lonaneset 59 | 5282 | Lonevåg |